

Fra: Tore Felland Storhaug <tore.storhaug@telemarkfylke.no>

Sendt: 29.05.2026 14:35:59

Til: Marianne Storbukås <mst@drangedal.kommune.no>, postmottak
<postmottak@drangedal.kommune.no>

Kopi: Gøran Heimdal <goran.heimdal@drangedal.kommune.no>, Post skoleskyss
<skoleskyss@telemarkfylke.no>, Wenche Beate Rangnes Fougner
<wenche.fougner@telemarkfylke.no>

Emne: Justert høyringssvar Drangedal kommune - skulestruktur

Telemark fylkeskommune har ansvar for skuleskyss og kollektivtrafikk, og høyringssvaret er i hovudsak knytt til dette temaet.

Nedlegging av Tørdal skule:

Reisetid med buss, for elevar i 1-10 trinn som bur lengst vekk i frå Drangedal 10-årige skole vert då 45 minutt til skulen, og ca. 50 minutt heim frå skulen. I tillegg kjem gangtid til/frå bussen, og eventuell ventetid. For ein elev i 2-4 trinn kan det innbera at eleven får 25 minutt gang og ventetid til og frå bussen, det innber 70-75 minutt reisetid til/frå skulen. For elev i 1 trinn noko mindre, då den ikkje skal gå meir enn ca. 1 km til/frå bussen, men har noko lågare gangtempo. Dette er ein lågare kvalitet enn fylkeskommunen ynskjer å tilby, men ut i frå situasjonen med knappe ressursar, kjem ikkje fylkeskommunen til å tilby ein betre skyss enn minimumskrava i regelverket.

I dag er Tørdal skule ein 1-7 skule. For elevar i 5-7 trinn er skyssen godt innfor regelverket. Vi ser at det kan vera vanskeleg å få til forsvarleg undervisning når det no berre er to elevar i dei lågaste trinna. Skuleskyss er ein rettighet, men inga plikt. Føresette som vurderer skyssen som for dårleg kan løyse det på annan måte, då utan kompensasjon. Firedagars veke for dei yngste er vanleg i distriktskommunar med lang skyss. Ei slik løysing for 1-4 trinn som går på Drangedal barne og ungdomsskule, vil kunne gjere at dei yngste elevane brukar mindre av fritida si på å reise. Firedagars veke kan gje ein kostnadsreduksjon både for Drangedal kommune, og fylkeskommunen. Fyresdal, Kviteseid, Tokke og Vinje er kommunar som har røynsle med dette.

Det er viktig at kommunen tek inn over seg at konsekvensen av endra skulestruktur, er lang reiseveg for enkelte elevar. Sidan det er nedgang i elevtalet, og ledig kapasitet på bussen, vil det ikkje medføre store kostnadsendringar for fylkeskommunen om Tørdal skule vert lagt ned. Slik det ser ut no er det 65 elevar til 69 seter på dei to bussane. Det vil krevje at FAU og skulen har eit særleg fokus på trivsel og miljø på skulen, og på skulevegen.

Fylkeskommunen har erfaring med at det vert oppretta privatskular, når grendeskular vert lagt ned. Ein slik skule har heile landet som inntaksområde. I praksis vil det seie heile Drangedal, Fjågesund og Vrådal i Kviteseid og Nordbygda i Nissedal. Vi er gjort kjent med at slike planar ligg føre i Tørdal. Alle elevane frå Drangedal har rett til skyss mellom heimen og opplæringsstaden, der fylkeskommunen betalar hovuddelen av skyssen og Drangedal kommune persontakst. For elevar frå grannekommunane har fylkeskommunen og kommunane tilsvarande ansvar fram til kommunegrensa. Frå kommunegrensa har føresette ansvaret. Logistikken til friskulane er alltid ei utfordring, og sjølv om dei er saldoen når vi planlegg start- og sluttidene og skyssen saman med kommunen, medfører det alltid meirkostnadar for fylkeskommunen. Telemark fylkeskommune har ikkje ledige frie middel til å finansiere auka kostnader til skuleskyss. Det vil bli finansiert med reduksjon i rutetilbodet. For fylkeskommunen er det vanskeleg å forsvare å redusere tilbodet i andre

kommunar enn i Drangedal kommune, då det kjem som ein konsekvens av val kommunen har gjort.

Kapasiteten i drosjetilbodet i Drangedal er meir enn fullt utnytta, etablering av ein friskule vil truleg leggje ytterlegare press på drosjekapasiteten i to korte periodar på dagen. Konsekvensen kan bli svært kostbare løysingar.

Vennlig hilsen

Tore Felland Storhaug

Rådgiver

Kollektiv

Samferdsel

Mobil: [47 41 54 82](tel:47415482)



Telemark fylkeskommune

telemarkfylke.no